



**SPESIALBRILLER:** Hans Bjørn Bakketeig i Hjelp Moldova har med seg spesiellagde filterbriller til Mihaela

# Fekk julefeiringa i mars

**Pengane som kjem inn gjennom Hjelp Moldova sitt julegåveprosjekt, vert nytta til å hjelpe vanskelegstilte familiar i Moldova.**

Av Kåre Ness

No i mars var ein delegasjon nede for å sjå korleis pengane vert nytta, og det vart ei lita «julefeiring» i mars månad.

Familien til Mihaela (11) har kjøpt to geiter og ein gris, ført fram vatn, sett opp gjerde, starta våronna og alt kjøpt inn ved til neste vinter.

## Kreften vekke

Den vesle familien bur i ein landsby aust for elva Nistru, og er fulle av livsvilje og pågangsmot takk vera pengar frå julegåveprosjektet. Det er kjekt å møte Mihaela og hennar næraste. Dei tykkjer det er stas med oss. I dag, ein fin vårdag midt i mars, har Mihaela, storesøster og veslebror fått skulefri eit par timar.

Siste åra har vore dramatiske for familien. I 2011 fekk Mihaela kreft i hjernen. Presset på synsnerven svekka synsevna hennar kraftig. Kreften er borte no. Ho ser bra på eine auga, og greier seg godt med det. Ho er flink og flittig; på skulen som heime.

Mihaela fekk kyndig hjelp, både med kreft og syn. Men så vart storesøster Victoria råka av leukemi. Behandlinga på sjukehuset har heldigvis gitt gode resultat. Prognosane er lovande. Neste år vil ho søkja vidaregåande i hovudstaden. Ho har bestemt seg for økonomilinja.

## Eittroms

Mamma ber oss inn. Om vintren bur familien på eitt rom i det vesle huset. Det vesle huset har berre eitt rom. Rommet har stor omn og ein god kjøkkenkrok. Alt er reint, pent og ryddig. Teljekantar på tøyset.

Handlenetta med matvarer vi har kjøpt, får plass innom døra. Åse Hundvin har med fargerike strikkelabbar. Dei er laga av flittige hender i Masfjorden. Kanskje må labbane kvila ei stund, for no er det varme i vårsola. Men ein vår og ein sommar går fort. Labbane kjem vel med. Vintren er beinkald.

Victoria hentar fram gitaren frå plassen bak sofaen som er seng om natta. Julegåveprosjekt-gitar kjøpt på den lokale marknaden. Ho hadde ønskt seg ein slik ein lenge. Øver med lærar ein gong i veka. Let seg nølande overtala til å spela litt. Forsikrar at ho nett har begynt. Får fint fram spede tonar og akkordar. Mamma held notarket. Dei andre er krye. Kanskje må vi handla inn fleire julegåveprosjekt-instrument?

## Spesialbriller

Mihaela ser berre på eine auga. Men det andre funkjar godt. Ho er kjenslevar for sterkt lys. Hans Bjørn Bakketeig i Hjelp Moldova har med seg spesiellagde filterbriller for henne. Mihaela synest dei er kule. Prøver dei mot sola og skrattar i glede. Geita i fjøsdøra vert forviten av oppstyret og tøyset tauet så langt det rekk.

Geita er i godt selskap. Ho har ein beilar på nabobåsen. Ein sjølvstikker sjarmør. Og i motsetning til den iltre, vesle hunden som vaktar porten, synest bukken at nordmenn er ålreite. Kjøpt for julegåvepengar er dei begge, bukken så vel som damo. Her er det alt kje-i-magen og aldri kje-deleg. Mihaela annonse-



**GÅVE:** Ein gitar kan skapa mykje glede.

Foto: Kåre Ness

rer at neste gong vi kjem, kan vi venta oss geitost.

Grisen er også ny i garden sin inst i mikrofloren, mellom geitene. I oppfatning av nordmenn synest han også å vera midt i mellom. Blikket vitnar om det. Mihaela seier han skal veksa seg stor. Til neste år er det truleg ikkje berre geitost å få. Det er grisen lukkeleg uvitande om.

Uteområdet er velstelt. Åke-

ren klar til såing. No manglar det ikkje på vatn lenger. Dei grov sjøve grofta som måtte til for å knyta eigedommen til vassrøret på andre sida av vegen. Det er vanleg i landsbyar som denne at vatn må berast i bøtter frå ein felles brønn. For ei lukke å ha eige vatn!

## Tre søsken

Veslebror Andrej går i 2. klasse.



Foto: Kåre Ness



**VATN ER LUKKE:** Familien har fått lagt inn vatn til huset. Foto: Kåre Ness



**EITTROMS:** Dette er huset dei bur i.

Foto: Kåre Ness

Han er så stilig at det går nesten ikkje an. Rak i ryggen i dress med striper, grøn skjorte og vårpynt på jakka. Finkledda har han på, for skulen markerer at det er morsdag i dag. Mamma er invitert for å vera med på festen. Vi kjenner Andrej frå før som litt beskjeden og stille. I dag

sto han fram som ein liten verdsmann.

Mihaela er ein hjarteknuser. Ho har hatt sine tunge stunder, og utan møtet med Tatiana på Synssenteret kunne retninga vorte ein heilt annan for denne familien. No er ho glad og optimistisk.

I periodar var det vondt å

møta Victoria. Leukemien braut henne ned, men no er utsiktene gode. Ho gler seg over gitaren ho fekk, gjer det bra på skulen, hjelper til heime og har planar for framtida. Ho er ei staseleg ung jente. Det gjorde godt å sjå henne i dag.



**HEILE FESTFLOKKEN:** Representantar for born, tilsette og foreldre. Representantar frå lokalt bydelsstyre og administrasjon i Chisinau by pluss Ion Crianga Universitetet. Representantar frå Hjelp Moldova og samarbeidspartnarar. Norske deltakarar var Åse Hundvin, Hans Bjørn Bakketeig og Kåre Ness i Hjelp Moldova-styret. Åse sin kollega Gunhild Jetmundsen deltok, samt Marit Evjemo og Inger Wiig. Dei to siste arbeider for NORLAM (Norwegian Mission of Rule of Law Advisers to Moldova). Foto: Kåre Ness

## – Dette har me venta på så lenge...

**Med støtte frå Hjelp Moldova er ein barnehage for handikappa born løfta opp til god standard.**

Av Kåre Ness

Opninga av nybygget i Barnehage nr. 74 i Chisinau skriv seg inn som den viktigaste hendinga i institusjonen sin historie. Den tidlegare nedleggingsstrua barnehagen står no fram som eit mønsterbruk i den moldovske hovudstaden. Dette skjer takk vera trottig innsats over lang tid frå enkeltpersonar, elevar, og institusjonar i Nordhordland, Bergen og Os, kanalisert gjennom Hjelp Moldova.

### Eleganse

Opninga gjekk føre seg på tradisjonell moldovsk vis. Ein eksplosjon i eleganse, fart og glede. Festkledd born og festkledd lærarar. Fargerrike nasjonaldrakter. Brød og salt til velkomst. God mat og god drikke. Festbord som er ein pryd for auga og ein fryd for ganen. Mange talar, lange talar. Om vennskap og samarbeid.

### Hyllest til sol, vår og varme

Borna i nr 74 har ulike handikapp i fysisk og/eller psykisk lei. Ønsket om å gje dei best mogeleg trening og utvikling har heile tida vore drivkrafta for å reisa tilbygget. No er draumen gått i oppfylgning. To fantastiske rom kvart på 30 kvadratmeter fylde med kreativitet; musikk, dans, leik og moro, og beinhardt arbeid. Alt i målretta pedagogisk samanheng som stimulerer til vekst og verdig liv for desse små som veks opp i ei vanskeleg verd.

### Tid for tale, tid for takk

Styrrar Liuba viser lista over dei første norske gjevarane. Lang liste med enkeltpersonar i Nordhordland,

### FAKTA

- Torsdag 12. mars 2015 var det snorklipping for eit nytt tilbygg i spesialbarnehage nr 74 i Chisinau. Tilbygget inneheld spesialrom for trening av dei fysiske og/eller psykiske utviklingshemma borna. Hjelp Moldova har samarbeidd med nr 74 i 15 år. I starten var arbeidet prega av naudhjelp. Litt etter litt skaffa vi ved hjelp av gode støttespeararar pengar til renovasjon av sanitærom og opphaldsrom. Arbeidet med tilbygget har teke fem år. Finansieringa, i alt om lag 300.000 kroner, har vore tung. Ved hjelp av solidaritetsarbeid ved vidaregåande skular i Os og Bergen kunne bygget ferdigstillast rundt juletider.

Os og Bergen. Året var 2001. Evig takksemnd til Spelhaugen Dagsenter i Fyllingsdalen og basarane som gav mange pengar årleg i mange år. 2.500 USD i 2001. Som manna frå himmelen. Nye bad, nye toalett, nye golv.

Som styrar Liuba sa:

– At ukjende menneske i eit land så uendeleg langt borte ville hjelpa oss var vanskeleg å fatta. Men vi skjønnte at dei ville oss vel. Det inspirerte oss. Det gav oss styrke, vilje og pågangsmot. Tidene var tøffe. Kommunen ville stenga nr. 74 og spreia borna.

### Starta som naudhjelp

Då Hjelp Moldova kom til nr. 74 første gong i 2001 var barnehagen verkeleg ille ute. Kostøret per barn var tre lei; ei krone og femti øre. Jamgodt med ingen ting. Første innkjøp var naudhjelp i form av vitaminar; frukt, grønnsaker og juice.

Golv, bad, toalett og sanitærom var i sørgjeleg forfatning. Pengane frå Spelhaugen gjekk direkte til renovasjon av sanitæromma; eitt etter eitt.



**SNORKLIPPING:** Hans Bjørn Bakketeig, leiar for Hjelp Moldova, fekk den store æra å klippa det raude bandet saman med Andrei Grosu, opplæringsjef i bydelen Riscani i Chisinau. Foto: Kåre Ness